



Manger folkehøgskule

Vestland fylkeskommune



STYRET SI ÅRSMELDING FOR 2019

Verksemda

Manger folkehøgskule er ein frilynt folkehøgskole som er eigd av Hordaland fylkeskommune. Skulen ligg i Radøy kommune i Hordaland. Internatkapasiteten er på 56 elevar, noko som gjer oss til ein av dei minste folkehøgskulane i landet.

Skulen vert driven i tråd med Lov om folkehøgskulen med føresegner, og mottar statstilskot etter rammer gitt av departement og Storting. I tillegg betaler elevane for rom og mat, undervisningsmateriell, ekskursjonar og studieturar. Skulen rapporterer om drifta til departementet og det vert kvart år utarbeidd ein sjøvevalueringsrapport som vert sendt til Utdanningsdirektoratet.

Aktivitetar i 2019

- 2.1 Alle tilsette var på Hordalandsmøtet. Dette er ein fagdag for folkehøgskulane i Hordaland.
- 3.1 Planleggingsdag for tilsette
- 7.1 Brassbandlinja (BB) hadde besøk av internasjonal kornettsolist Richard Marshall
- 12.1 Ei gruppe frå BB spelte på Hordaland fylkeskommune sin årlege julefest.
- 22.1 Artist- og låtskrivarlinja (A&L) hadde eit CVT-kurs med Guro Dagestad (complete vocal technique)

Basstrombonist Tore Bryne Berg vitja BB
- 24.1 MBF var på gardbesøk hos Anja Broch

Utdanningsmessa i Bergen

Amadeus - live med Bergen filharmoniske orkester
- 26.1 MBF var på Fargespel-konsert i Grieghallen
- 29.1 Storbandet spelte konsert på Tertnes VGS
- 30.1 BB spelte konsert for Bergen Private Gymnas og Langhaugen VGS på Lungegaarden kulturarena
- 31.1 MBF hadde besøk av elevar og tilsette frå Knarvik VGS. Dei spelte konsert i lag med nokre elevar frå A&L, Band (B) og MP (ABM), og hadde omvising på skulen.

- 9.1 Skulen stilte med stand i Grieghallen på NM for brassband. Elevane hjalp til med å bemanna standen. Her møter ein veldig mange tidlegare elevar, og ein og anna framtidig elev.



Veke 7: Prosjektveke

I prosjektveka løyser me opp timeplanen og heile elevgruppa går saman for å sette opp ei førestilling med eigeprodusert manus, husband med egne arrangement, skodespelarar, kulissar osv. Det vart sett opp buss frå Bergen sentrum, slik at tidlegare elevar og familie kunne koma på framsyninga, som var fredag 15. feb. Årets tema var ei politisk og musikalsk reise tilbake i tid til 70-talet, og eit skråblikk på ungdom sine kampsakar då og no.




13.2 MBF hadde besøksdag for framtidige elevar. Her har me omvising på skulen, presentasjon av skuleslaget og den tilrettelagde linja, og intervju med kvar enkelt søkjar.

19.2 BB hadde eventyrførestilling for Prestmarka barnehage



20.2 Musikkproduksjon (MP) var i Bergen med produsentduoen Atella



18.3 BB fekk besøk av trompetist i Kringkastingsorkesteret, Erlend Vetås Aagaard-Nilsen

Veke 12 Jørgen Berrig med band frå skulen var på konsertturnè til Sunnhordland VGS, Kvinnherad VGS, Fana folkehøgskule og Austrheim VGS



23.3 Elevane reiste ut i ein 2 km omkrets og plukka boss langs vegane
Elevrådet arrangerte skuleball

25.3 Ensemble frå BB reiste til Voss fhs og spelte konsert

29.3 Ei gruppe frå Manger fhs, med Sigurd Kleppa i spissen, spelte på Hafstad VGS

Veke 14/15 Studieturar

BB reiste til Nord-England for å oppleve den tradisjonelle britiske brassbandverda. Dei spelte fleire konsertar både åleine og saman med andre.

ABM drog til Los Angeles for å oppleve det yrande musikklivet der. Dei besøkte fleire musikkstudio og drog på mange konsertar.

MBF tok turen til London for å oppleve byen og få med seg musikalar og konsertar.



30.4 Håvard, linjeleiar på ABM, og nokre elevar gjorde opptak av Manger Skulemusikklag på oppdrag frå Norges musikkorps forbund

2.5 ABM heldt konsert for Radøy Ungdomsskule

11.5 Avslutningskonsert for 18/19-kullet



14.-16.5 Planleggingsdagar for tilsette

24.-25.5 Elevtreff for tidlegare elevar

8.-10.6 Vertskap for Skuteviken bataljon

Veke 31-32 Vertskap for Sommarkurs (Norges musikkorps forbund – Hordaland)

15.-17.8 Vertskap for Hordaland fylkeskommune sitt kurs for elevar som reiser til Wales på utvekslingsår.

Sommaren 2019 var det som vanleg også utleige til ulike føremål, slik som avslutningar for kulturskulen, sommarvikarar hjå Radøy kommune, øvingshelg. Blant anna hadde Eigedomsseksjonen (Nordhordland) og Fagforbundet Alver sommarfesten her.

25.8 Første skuledag for 19/20-kullet



4. – 6.9 «Bli kjent»-tur til Sætervika ungdomssenter. Etter fjorårets suksess valde me å returnera til Sætervika denne turen. Her går me turar og har sosialt samvær med ulike oppgåver og leiker på tvers av linjer. Denne turen sveiser elevgruppa saman og gjer dei tryggare på kvarandre.

9.9 Besøk frå hornist Owen Farr

18.9 Besøk frå Helsestasjon for ungdom

Kornettgruppa reiste til Bjergsted Brassweek i Stavanger. Regi av Universitetet i Stavanger

23.9 BB spelte konsert i lag med Hordabø skulemusikklag



25.9 Skulen deltok på Bergen Internasjonale Filmfestival (BIFF)


26.-27.9 ABM deltok på Vill Vill Vest i Bergen

30.9 BB spilte konsert i lag med Asker og Bærum ungdomskorps

1.10 A&L spilte konsert på Velferdssenteret

4.10 Foreldrefest

På siste skuledag før haustferien var det foreldrefest. Elevane heldt stor konsert for foreldre og familie, og hadde omvising i ulike klasserom og studio med innslag frå dei ulike linjene.



- 22.10 A&L hadde CVT-kurs med Guro Dugestad
- 24.10 Grovmessing (BB) reiste på seminar på Griegakademiet
- 28.10 Skulen såg «Vår datter Emilie»
- 31.10 Elevrådet arrangerte Halloween og hadde kostymekonkurranse.



- 9.11 ABM hadde årets første elevkveld
 - 14.11 Konsert og workshop med studentar frå HVL musikk 3, Stord
 - 15.11 A&L hadde CVT-kurs nr.2 med Guro Dagestad
 - 16.11 BB heldt sitt årvisse aspirantseminar i høve Mangerfestivalen. Ein korpsfestival i regi av Manger skulemusikklag.
 - 18.11 BB drog ut på 3-dagers Novemberturne med dirigent Bjørn Sagstad. Dei vitja Askøy VGS, Kongshaug VGS, Moster skule, Haaheim gard og Langhaugen VGS.
- Eigedom monterte akustikkplater i taket på Storsalen

- 19.11 Ei gruppe frå ABM såg Peer Gynt DUB på teateret.
- 23.11 MBF såg «Å Bergen, Bergen»
- 26.11 MBF fekk besøk hjå ei gruppe elevar og tilsette frå Stend VGS.
- 27.11 Ei gruppe frå ABM spelte konsertar på Arna VGS og Åsane VGS
- 28.11 ABM og MBF hadde konsertar for Radøy ungdomsskule
- 4.12 Julelunsj
- 7.12 Juleverkstad, MBF reiste til Bergen på konsert med Odd Nordstoga



- 9.12 Seminar og konsert med Rune Alver
- 10.12 Nokre elevar frå BB og ABM spelte konsert for Radøy kommunale busenter (RIBBEN)
- Julelunsj

11.12 Besøksdag for framtidige MBF-elevar

Julemiddag

17.12 Julekonsert og avslutning før jul .



Styret

Styret for skulen har 5 medlemmer. Tre av desse er utnemnde av fylkesrådmannen. I tillegg er det ein representant frå dei tilsette og ein representant frå elevane.

Styremedlemmer 2019:

Hillevi Elizabeth Runshaug (leiar), Ronny Skaar, Johannes Mangersnes.

Representant for dei tilsette: Håvard Matland.

Elev-representant for skuleåret 2018/2019: Kristin Rolfstad

Elev-representant for skuleåret 2019/2020: Odianne Hermansen

Styret har hatt 5 møte i 2019, og handsama 34 saker.

Linjer og elevtal

I 2019 hadde skulen fem linjer:

- Artist og Låtskrivar
- Band: studio og scene
- Brassband
- Musikk, Bu og Fritid
- Musikkproduksjon

Gjennomsnittleg elevtal i 2019 var 61,5 (vår: 61 og haust: 62). Dette er ein oppgang på 1 elev frå 2018. Skulen har ikkje arrangert kortkurs i 2019.

Personale

Det er ca. 21 årsverk ved skulen, fordelt på 31 tilsette, 22 kvinner og 9 menn.

Skulen har 4 tilsette med innvandrarbakgrunn. Om lag halvparten av dei tilsette (19 stk.) er tilsette i deltidstillingar; dei fleste av desse etter eige ynskje. Fleire tilsette arbeider i kulturskular ol. og/eller driv enkeltmannsføretak, i tillegg til stillinga ved Manger folkehøgskule. Nokre, spesielt miljøarbeidarar og nattevakt, har ynskje om høgare stillingsprosent. Personalet har svært høg kompetanse og skulen har ein sterk fagleg profil.

I mai 2019 kom rektor Geir Rydland attende frå sin permisjon (skuleåret 2018-2019). Margaret Antrobus gjekk i august attende til jobben som assisterande rektor, og Anne-Kari Sylta til internatleiar.

For skuleåret 2019/2020 hadde internatassistent Siren Klimek permisjon.

I 2019 vart desse tilsett:

- Bente Lunde, miljøfagarbeidar (fast)
- Monica Olsen, internatassistent (fast)
- Adelheid Instebø, miljøfagarbeidar (vikariat)
- Karen Ku Peña, internatassistent (vikariat)

Økonomi

Tilskotsbrevet frå departementet viste at skulen fekk godkjent 54,50 tilskotsselevar for perioden 2015-2017, noko som saman med husleige- og basistilskot gav eit samla statstilskot på kr. 7 276 666,- for 2019.

Elevbetalinga var på ca. kr. 7 000 000,-

Støtte frå Nav for elevar på linja Musikk, Bu og Fritid kom på kr. 1 730 000,- (overført frå 2018) og kr. 1 301 634,-. Totalt kr. 3 031 634,-

Støtta frå fylkeskommunen vart kutta frå kr. 1 903 000,- i 2018 til kr 1 661 000,-. Dette er eit kutt på kr. 242 000,-, noko som tilsvara om lag 12,8 % kutt i den fylkeskommunale driftsstøtta.

Skulen har hatt sterkt fokus på økonomistyring og arbeider kontinuerleg med innsparingstiltak. Då 2019 starta hadde me eit fond på kr 1 418 403,-.

Resultat for 2019 visar at rekneskapen gjekk i balanse med eit årsresultat på kr. 0,-. Skulen har no eit disposisjonsfond på kr. 63 259,-.

Ein kan lesa meir informasjon om bruk av fond i neste avsnitt.

Rekneskap vert sendt til Fylkesmannen innan 1. juni.

Fornyning av inventar og utstyr

Ved gjennomgang av økonomien hausten 2019, og etter beskjed om at disposisjonsfond ikkje vert overført til Vestland fylkeskommune, såg ein at det var behov for å bruka ein del midlar på fornying av inventar og utstyr. Skulen har ein del eldre og til dels utslite inventar og utstyr som trong å bytast ut. Det vart kjøpt inn el-bil, nytt låssystem til internatrom og ytterdør Internat og Hovudbygg, vaskemaskiner/tørketromlar, infoskjermar, molton-dukane til Storsalen (lyd-dempande «gardiner»), klappstolar til Storsal, egne stolar til brassband, musikkinstrument (bl.a. ein tuba), kjøkkenutstyr og teknisk utstyr.

Med desse investeringane har skulen eit betre tilbod til elevane, og det har også betra arbeidsmiljøet for dei tilsette.

HMS

Arbeidsmiljøet på skulen er svært godt, og sjukefråværet i 2019 var 5,28 %, ei auke på 0,24 prosentpoeng frå 2018. Då rapportar knyta til 2019 ikkje lengre er tilgjengeleg, var det ikkje mogleg å enkelt finna totalprosent på korttid og langtidsfråvær. Men me har fått ein tabell over fråvær fordelt på 1-3 dagar, 4-16 dagar og >16 dagar per kvartal.

Kvartal	Kjønn	ÅV	Mulig dagsverk	1-3 dagar			4-16 dagar			>16 dagar			Tilfeller	Dagsverk	%
				Tilfeller	Dagsverk	%	Tilfeller	Dagsverk	%	Tilfeller	Dagsverk	%			
2019-Q1	Kvinne	15	887,0	6	6	0,64%	5	18	2,00%	4	143	16,09%	15	166	18,72%
	Mann	6	289,0				1	2	0,83%				1	2	0,83%
	Total	21	1 176,0	6	6	0,48%	6	20	1,71%	4	143	12,13%	16	168	14,32%
2019-Q2	Kvinne	15	725,9	1	0	0,04%	3	0	0,00%	0	10	1,38%	4	10	1,42%
	Mann	6	236,3												
	Total	21	962,2	1	0	0,03%	3	0	0,00%	0	10	1,04%	4	10	1,07%
2019-Q3	Kvinne	16	649,5	5	2	0,36%							5	2	0,36%
	Mann	6	216,3	1	0	0,21%							1	0	0,21%
	Total	22	865,8	6	3	0,32%							6	3	0,32%
2019-Q4	Kvinne	16	815,6	4	3	0,31%	5	18	2,23%	1	8	1,00%	10	29	3,55%
	Mann	6	315,1	6	8	2,46%							6	8	2,46%
	Total	22	1 130,7	10	10	0,91%	5	18	1,61%	1	8	0,72%	16	37	3,25%

Skulen har system for internkontroll som er ein del av det felles kvalitetssystemet for Hordaland fylkeskommune. Det vert gjennomført medarbeidarsamtalar kvart år. Arbeidsmiljøutvalet ved skulen har møte fire gongar pr. år.

Skulen praktiserer kjeldesortering og har rutinar for oppbevaring og handsaming av kjemikaliar. Skulen vart fornya som sertifisert som miljøfyrtårn våren 2019.

Skulen gjennomfører årlege brannøvingar og brannvesenet har gjeve svært gode tilbakemeldingar på oppfølginga av branntryggleiken ved skulen. Me heldt brannøving 23.10.2019.

Hausten 2019 gjorde Eigedomsavdelinga ein stor jobb med å installera lyd-dempande plater i taket på Storsalen. Denne lyd-absorberinga har ført til betre arbeidshøve for tilsette og elevar, då ein har fått betre kontroll på dei høgaste frekvensane.

Det har ikkje skjedd alvorlege skader ellerulukker i 2019.

Drifta frametter

Skulen arbeider med å få i gang nokre oppussingsprosjekt og arbeidsmiljø-prosjekt:

- Universell utforming i *Digitalen*. Inngangspartiet til Digitalen vart utbetra, men det er ikkje endra noko innvendig. Det er mogleg at det kjem på planen i løpet av 2020.
- I løpet av vinter/vår 2020 vert moltondukar satt opp rundt scena. Dette er siste ledd i utbetring av akustikk i Storsalen.

Statstøtta til skulen er basert på elevkvote. I 2019 gjekk denne ned frå 56 til 52. Dette vil gjera drifta framover litt meir utfordrande.

Skulen arbeider kontinuerleg med tiltak for å auka inntektene og kutta utgiftene, slik at drifta likevel kan gå i balanse.

Styret meiner at det er eit godt grunnlag for vidare drift av skulen i framtida.

Manger, 26. mai 2020

Ronny Skaar (s)

Hillevi Elizabeth Runshaug (s)
styreleiar

Johannes Mangersnes (s)

Stian Villanger (s)

Odianne Hermansen (s)